



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Mørebenken
Olje- og energidept.

Dato: 18.11.2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Meld. St. 28 (2019–2020) Vindkraft på land — Endringer i konsesjonsbehandlingen

Vi viser til invitasjon til innspel til melding til stortinget om vindkraft på land, Meld. St. 28 (2019–2020).

Innleiingsvis vil vi vise til vårt innspel av 01.10.2019 til rammeplan for vindkraft der vi stilte oss positiv til vindkraft som klimatiltak no og at det bør byggast vindkraftanlegg i område med eksisterande industri- og kraftanlegg på ein slik måte at det ikkje reduserer områda med urørt preg eller andre område med viktige friluftslivs- og naturverdiar. Vidare vil vi vise til vår uttale av 17.03.2020 der vi kom med innspel om korleis ein kan forbetre konsesjonsbehandlinga av vindkraftanlegg på land.

FNF Møre og Romsdal ser det som positivt at stortingsmeldinga om vindkraft på land har vald å ta med seg fleire av krava frå natur- og friluftslivorganisasjonane om behov for endringer i konsesjonssystemet. Det gir håp om endringsvilje for heilt nødvendige forbetringar i prosessen. Samstundes saknar vi i meldinga ein heilheitleg strategi frå myndighetene som legg rammene for korleis vi skal kome dit. Til dømes saknar vi ei kobling mellom meldinga og FN-naturpanel sine rapportar og det faktum at tap av natur er ein felles utfordring som vi må finne gode løysingar på i meldinga om vindkraft på land.

Natur- og friluftslivorganisasjonane i Møre og Romsdal ønskjer å peike på følgjande punkt knytt til stortingsmeldinga for å sikre ein konsesjonsprosess som tek omsyn til naturmiljø og friluftsliv i tilstrekkelig grad:

Vi vil trekke fram viktigheita av ein **forbetring av konsesjonsprosessene** som styrker omsynet til natur og friluftsliv. Det er behov for endringer i energiloven som sikrer større vektlegging av disse omsyna ved tildeling av konsesjon. Miljøforvaltninga må få ei større og meir formell rolle både knytt til å gje vilkår ved løyve til naturinngrep, samt ein moglegheit til å avgjere at utgreiingar skal skje over ei lengre tidsperiode om det er påkr. Det bør også



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

fastsettast konkrete kriterier som skal vere oppfylt for å avslå konsesjonssøknader på eit tidleg tidspunkt i konsesjonsprosessen. Dei dårlege prosjekta må skrinleggast tidleg.

Vi er glad for at Regjeringa i denne stortingsmeldinga foreslår ein lovendring som gir adgang til å avslå vindkraftverk på et tidlig stadium. Med en slik lovendring kan vi unngå konsesjonssøknader som er svært konfliktfylte.

Gjennom stortingsmeldinga signaliserer regjeringa at dei tek nokre skritt i riktig retning for å forbetre rammene for vindkraftutbygging på land. Stortingsmeldinga inneheld likevel få konkrete tiltak. Det mangler ei plan for **ein heilheitleg energipolitikk** som inkluderar satsing på energieffektivisering og som kan bidra til å sette klimautfordringane i samanheng med behovet for å stanse tap av natur. Den balansekunsten må vi mestre, av omsyn til dei som kjem etter oss.

NVE har anbefalt at det lovfestast **minstekrav for tildeling av konsesjon**. Dette er et forslag som stortinget bør be regjeringa om å følge opp. Konsekvenser for friluftsliv, landskap, naturmangfold, sammenhengande naturområde og samla belastning må særleg leggast vekt på. Vi støtter denne anbefalinga.

Medverknad er vesentleg i Norge i dag. I dag er vindkraftverk unntekte fra plan- og bygningslova, lova som sikrar ein god medverknadsprosess og ein god arealforvaltning. I dag kan vindkraftutbyggane søkje om konsesjon utan at tiltaket er forankra i kommunanes arealplanar. Det er tilfeldig korleis planane blir kjent for innbyggerane i ein tidleg fase. Med dagens konsesjonsprosess blir berørte partar henvist til å kome med høringsuttalelser, men utan klare kriterier for kven som skal varslast når høringa kjem. Prinsipper og prosedyrer for medverknad må vere forutsigbare med rettsleg forankra minimumskrav, gjerne etter same mal som gitt ved plan- og bygningsloven.

Regjeringa foreslår strammare tidsfristar for konsesjonæren, og vi meiner det er helt nødvendig at dette går gjennom. Vi kan jo her berre vise til vindkraftutbygginga på Haramsøya som eit godt døme på kva som skjer om ein berre lar eit løyve leve sitt eige liv uavhengig av klokka og folket si oppfatning av rett og gale.

Miljømyndigheitene har i dag ein liten formell rolle i konsesjonsprosessen, til tross for dei store naturinngrepa som vindkraftverk fører til. I fremtidens konsesjonsprosesser må miljømyndighetene må ha ansvaret for å bestemme om et inngrep har akseptable miljøkonsekvenser, og bør ha ansvar for utgreiingar og kartlegging.

Vi slit med konsekvensutgreiingar som ikkje held mål i høve til både vurdering av kvalitet og lengden på måleserien. Miljømyndigheitene må i vindkraftsakene få det formelle ansvaret for konsekvensutredning på klima- og miljøområdet, ikke berre vere i dialog med NVE om utgreiingskrav. De miljøfaglige konsekvensutredningene bør godkjennast av miljømyndigheitene før søknaden kan sendast inn. Ofte er det nødvendig med kartleggingar over lange perioder for å få eit godt nok kunnskapsgrunnlag.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi har diverre i vårt fylke erfart i dei 11 år etter lovendringa kom, ein manglande bruk av naturmangfoldlova i utbyggingssaker. Vi kan ikkje fortsette å byggje ut områder vi ikkje kjenne verdien av. **Føre-var-prinsippet må takast i bruk.**

Det bør vere ein moglegheit for **tilbaketrekking av konsesjon** når ny kunnskap om konsekvensar for natur og friluftsliv kjem etter at ein konsesjon er gitt, eller når det kjem fram at naturmangfoldlova eller anna naturkunnskap ikkje ble tilstrekkeleg ivareteken i konsesjonsprosessen - for å sitere Willoch i sin samtale med den unge FRP-politikaren; «Ny kunnskap, ny konklusjon».

Det mangler kunnskap om kva konsekvensar vindkraftutbygging har for samanhengande naturområder med urørt preg, friluftsliv, reindrift, fugl, insekt, flaggermus, landskapsverdiar og sumverknader (Miljødirektoratet, frå arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft). Stortinget må sikre at kunnskapsinnhenting prioriterast høgt, slik at kunnskapen er styrka før dei neste konsesjonssøknadane kjem til NVE.

Vi saknar i stortingsmeldinga svar på spørsmåla; Kor mye vindkraft treng vi egentleg bygge ut i Norge? Kva kan vi gjere med eksisterande produksjonsanlegg for fornybar energi? Kva er potensialet for energieffektivisering og redusert forbruk? Kor mykje av Møre og Romsdal sine areal og naturressursar kan vi nytta før vi går for langt? Kor skal grensa gå? Vi meiner at Stortinget bør be regjeringen om å forta ein heilhetleg gjennomgang av behovet for utbygging av fornybar energi kor alternative energikjelder blir veid opp mot kvarandre. Og det bør leggast betydeleg vekt på potensialet for energieffektivisering og redusert forbruk.

Vindkraftutbygging betyr tap av natur. FNF Møre og Romsdal meiner norsk natur har ofra nok. Vindkraftutbygginga på land må ikkje skje i urørt natur, men i form av mindre anlegg i områder som allereide er regulert til utbyggingsformål og i tilknytning til etablert infrastruktur. For dei landbaserte vindkraftanlegg som allereie har fått konsesjon må det gjennomførast nye konsekvensutgreiningar for å sikre at omsynet til naturgrunlaget og friluftslivet ivaretakast.

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal